Fylkesmannen i Hordaland

RAGN SELLS AS AVD BERGEN
Fanaveien 221
5239 Rådal

Bergen, 9. april 2018

Sendt på e-post til: trond.leganger@ragnsells.com og oveandre.algroy@ragnsells.com

Dykkar ref.:
Ove Andre Algrøy

Vår ref.(oppgi ved svar):
2015/3985
Sakshandsamar:
Nina Vadøy

Rapport frå inspeksjon ved Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farlig avfall

Kontrollnummer: 2018.035.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Ove Andre Algrøy, Jarle Hamre og Einar Skau

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Nina Vadøy og Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farleg avfall den 6.mars 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 2 avvik innan følgjande tema:

- handtering av farleg avfall
- internkontroll for ytre miljø

Avvika er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Nina Vadøy	Astrid Holte
overingeniør	senioringeniør

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: RAGN SELLS AS AVD BERGEN	
Organisasjonsnr.: 974737604	**Eigd av:** 952187627
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farlig avfall	**Anleggsnr.:** 1201.0367.02
Kommune: Bergen	**Fylke:** Hordaland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall - mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 12.09.2017	**Sist endra:** 16.11.2017

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for mottak og mellomlagring av farleg avfall. Aksjonen er landsdekkande.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- farleg avfall: mottakskontroll, journalføring, handtering, lagring, vidarelevering, finansiell sikring
- utsleppskontroll
- internkontroll: avvikssystem, risikovurdering, beredskap
- løyve etter forureiningslova

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farlig avfall pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farleg avfall innan 15. juni 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Nina Vadøy.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 6. mars 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder utan løyve etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Ragn-Sells AS Rådalen - Mottak og mellomlager av farlig avfall betale eit gebyr på kr 22 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:
Handtering av farleg avfall er mangelfull

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 6 om journalføring
- Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 1 a) b) c) e) om lagring av farleg avfall
- Avfallsforskrifta kapittel § 11-5 om forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall
- Avfallsforskrifta kapittel § 11-12 om verksemdas deklarasjonsplikt
- Løyvet punkt 3.5 om krav til tak og vegger for nokre avfallstypar
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Kommentar til regelverket:
Journalføring
Verksemda skal føre journal over opplysningar om mottak, lagring og vidarelevering av alt farleg avfall som verksemda tek imot.

Lagring av farleg avfall

- Farleg avfall skal lagrast slik at faren for forureining blir avgrensa i størst mogleg grad.
- Lagra farleg avfall skal ha tilstrekkeleg tilsyn.
- Ei kvar lagring av farleg avfall skal vere basert på ei vurdering av miljørisiko forbundet med lagringa.
- Farleg avfall skal som eit minimum lagrast/gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind.
- Forsvarleg oppbevaring av farleg avfall inneber orden og oversikt over avfallet ved ryddig og åtskilt plassering, tydeleg merking mv. Emballasjen skal merkast tydeleg med deklarasjonsskjemaets løpenummer.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Journalføring
Verksemda har ikkje ein samanstillande journal som viser dato for mottak, dato for vidarelevering og kvar avfallet er levert vidare. Verksemda førte ein lagerjournal i VMS som viste mengdene avfall på lager til ei kvar tid. Deklarasjonsnummer og samledeklarasjonsnummer vart ikkje kopla opp mot lagerjournalen. Det vart opplyst at deklarasjonsskjema og samledeklarasjonsskjema vart oppbevart i papirformat og fungerte som journal for vidarelevering.

Lagring av farleg avfall
Innandørs lager for farleg avfall var uoversiktleg:

- Syre og baser vart lagra saman og var ikkje skriftleg risikovurdert
- Farleg avfall som var klart for vidarelevering og farleg avfall som ikkje var klart for vidarelevering stod lagra saman.
- Det var ikkje gangar mellom IBC-konteinarar og fat slik at det var lett å komme til avfallet ved eventuell lekkasje.

Det var mykje manglande merking av farleg avfall på lageret, både merking av innhald og deklarasjonsnummer. Sjå bilde 1 og 2. Ein større leveranse frå Karsten Moholt som bestod av fleire ulike typar farleg avfall, var ikkje merka med deklarasjonsskjemaets løpenummer. Sjå bilde 3. Eit fat som var merka med maling, lim og lakk og deklarasjonsnummer, inneheldt drivstoff.

Noko farleg avfall stod lagra utandørs utan tak og skjerming for vær og vind, mellom anna vindauge og golvbelegg. Sjå bilde 4.

Det vart observert knust vindauge som var definert som farleg avfall, men som låg saman med anna avfall og ikkje var emballert forsvarleg. Sjå bilde 5.

Avvik 2:
Internkontrollen er mangelfull for ytre miljø

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentar til regelverket:
Avvikshandtering og rutinar
Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Rutine for avviksregistrering
Det var uklar praksis på kva som skal førast som avvik ved mottak av farleg avfall. Det vart opplyst at nokre hendingar i samband med mottakskontrollen vart definert som «meirarbeid» heller enn avvik. Det var ingen registrerte avvik ved mottak av farleg avfall i 2018.

Tiltaka som var registrert i samband med avvik var generelle tiltak knytt til fakturering og ikkje til avfallshandtering. Det gjekk ikkje fram av tiltaka korleis det farlege avfallet i avviket vart handtert vidare og deklarasjonsnummer var ikkje knytt opp mot avviket.

Rutine for mottakskontroll
Det stod lagra noko farleg avfall i bulk utandørs utanfor sorteringslageret som ikkje var merka og ikkje var deklarert. Det vart opplyst at dette kunne vere avfall som kunde har sett der og som etterpå stakk av. Rutinen for mottakskontroll er mangelfull og fører til at farleg avfall kjem inn til anlegget utan kontroll.

Rutinen for mottakskontroll er ikkje god nok for å sjekke at mottatt avfall er merka med avfallets innhald og deklarasjonsskjemaets løpenummer.

7. Merknader
Vi ga ingen merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Søknad om løyve til mottak av kasserte køyretøy
Det vart opplyst at verksemda kjem til å søkje om mottak av kasserte køyretøy over 15 fot.

Informasjon om handtering av vindauge som inneheld ftalater og asbest
Vindauge som ikkje er farleg avfall på grunn av innhald av PCB- eller klorparafin kan innehalde ftalater eller asbest (Thermopane-vindauge). Miljødirektoratet har i samband med aksjonen opplyst at dei på generelt grunnlag ikkje har tatt stilling til om desse vindauga er farleg avfall. Fugene vil ofte vere farleg avfall, men det er usikkert om heile vindauge er farleg avfall. Desse vindauga må likevel handterast forsvarleg. Dersom desse vindauga blir kasta i restavfallet vil vindauget knuse og det vil vere fare for at vindauget kjem over grenseverdien for farleg avfall. I tillegg kan eksponeringsfaren for asbest auke. Slike vindauge skal derfor ikkje kastast i restavfallet, men leverast heile.

9. Dokumentunderlag
Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyve etter forureiningslova datert 12.09.2017 sist endra 16.11.2017

10. Bilde
Alle bilde er tatt av Fylkesmannen under inspeksjonen.

Bilde 1: Manglande merking

Bilde 2: Manglande merking

Bilde 2: Ein større leveranse frå Karsten Moholt.

Bilde 4: Golvbelegg i opne IBC-kont

Bilde 4: Golvbelegg i opne IBC-konteinarar utandørs.

Bilde 5: Knust vinauge saman med anna avfall